



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Referat

Utval: Fitjar kyrkjelege fellesråd
Møtestad: Fitjar rådhus, kommunestyresalen
Dato: 19. oktober 2017
Tid: Kl. 18.00
Møtenr.: 6/2017

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802. Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Elles møter varamedlemer kun etter særskilt innkalling.

Faste medlemmer som har møtt:

Namn	Funksjon
Rasmus Fitjar	Leiar
Terje Havro	Nestleiar
Gunvald Aarbø	Medlem
Helga Olsen Aadland	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Sigrid Marie Fangel	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem (kom kl. 18.35 under sak 26/17)
Olav J. Oma	Sokneprest
Harald Rydland	Kyrkjeverje

Forfall:

Namn	Funksjon
Sigurd André Maraas	Kommunal representant

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Funksjon
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Agnar Aarskog	Vara for kommunal repr.

Varamedlemmer som ikke møtte:

Namn	Funksjon
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Aase Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Sakliste:

Saksnr.	
F-26/17	Budsjett for 2018
F-27/17	Ny prosedyre for møteinkalling og protokollføring
F-28/17	Høyring, ny lov om trussamfunn
F-29/17	Godkjenning av referat
F-30/17	Meldingssaker
F-31/17	Open post

F-Sak 26/17: Budsjett for 2018

Framlegg til vedtak:

Fellesrådet sender budsjettframlegget vidare til kommunen med dei endringane som kom fram i møte.

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.

Behandling i fellesrådet 19.10.2017

Kyrkjeverje Harald Rydland orienterte om framlegg til budsjett for 2018. Han gjorde merksam på at talet for kommunalt tilskot er feil i kommentarane under pkt. 1, så det vert retta i vedtaket. Frå medlemmane var det eit ynskje om å endra stilling som kontorhjelp til kyrkjemedarbeidar, og at det vert poengtert at den stillinga vert berre oppretta dersom kyrkja får kommunalt tilskot som ynskjeleg. Når det gjeld andre stillingar i kyrkja ynsker medlemmene at det vert presisert at her er det inga endring frå noverande stillingar.

Vedtak (samrøystes):

Fellesrådet sender budsjettframlegget vidare til kommunen med dei endringane som kom fram i møte:

1. For at dette budsjettet skal gå i hop treng me eit kommunalt tilskot på kr. 2.800.000,-. Etter revidert budsjett i 2017 var det kommunale tilskotet på kr. 2.422.900,-.
2. Avdelinga for administrasjon er styrka med 50 % stilling som kyrkjeleg medarbeidar. Mykje av denne stillinga er tiltenkt prestetenesta som vil ha mindre ressursar enn tidlegare. Dersom ein ikkje får kommunal stønad så vert dette eit passiv tiltak. Stillinga som kyrkjeverje er framleis 50 %.
3. For kyrkjeavdelinga er det lagt inn lønsmidlar til 65% kantor, 10% kyrkjetenar/reinhaldar og 10 % kyrkjetenar/vaktmeister som tidlegare. Elles er det lagt inn ressursar til maling, samt vedlikehald av taket på kyrkja med kr. 120.000,-

F-Sak 27/17: Ny prosedyre for møteinkalling og protokollføring

Framlegg til vedtak:

1. Rådet sluttar seg til at det frå no av, kun er Fitjar sokneråd som skal reknast som folkevald organ i Fitjar kyrkjelyd. Møteinkalling og protokoll skal leggjast opp slik at det går klårt fram av dokumenta kva saker den kommunale representanten skal vera med på.
2. Rådsleiar og sekretær får fullmakt til å godkjenna protokollen frå soknerådsmøta. Rådet skal ha protokoll som meldingssak på neste møte.



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Behandling i fellesrådet 19.10.2017

Kyrkjeverje Harald Rydland orienterte kvifor ein ynskjer endring av møteinkalling og referat. Kommunal representant ynskja at fellesrådssaker kjem først i møtet når det vert eit møtefora. Medlemmane ynskjer å få tilsendt referat elektronisk slik at dei har moglichkeit til å gje tilbakemelding på det før det vert godkjent.

Vedtak (samrøystes):

1. Rådet sluttar seg til at det frå no av, kun er Fitjar sokneråd som skal reknast som folkevald organ i Fitjar kyrkjelyd. Møteinkalling og protokoll skal leggjast opp slik at det går klårt fram av dokumenta kva saker den kommunale representanten skal vera med på.
2. Referatet vert send til alle medlemmene elektronisk, som vert pålagd å gje tilbakemelding innan eit bestemt antall dagar (forslag 3 dagar). Rådsleiar og sekretær får fullmakt til å godkjenna protokollen fra soknerådsmøta. Rådet skal ha protokoll som meldingssak på neste møte.

F-Sak 28/17: Høyring, ny lov om trussamfunn

Framlegg til vedtak:

Rådet oppnemner personane desse til å vera med i ei gruppa som skal gå gjennom høyringa for ny lov om trudomssamfunn:

- 1.
- 2.
- 3.

Framlegg til høyringssuttale skal leggjast fram for rådet på siste møte før nyttår.

Behandling i fellesrådet 19.10.2017

Da ingen meldte seg for å vera med i ei høyningsgruppe vert kyrkjeveje valt til å ta ansvar for å få nokon med seg i gruppa.

Vedtak (samrøystes):

Rådet oppnemner desse personane til å vera med i ei gruppe som skal gå gjennom høyringa for ny lov om trudomssamfunn:

1. Harald Rydland
2. m.fl.

F-Sak 29/17: Godkjenning av referat

Framlegg til vedtak:

Fellesrådet godkjenner referatet frå møtet den 21. september 2017.

Behandling i fellesrådet 19.10. 2017:

Ingen kommentarer.

Vedtak (samrøystes):

Som framlegg til vedtak.

F-Sak 30/17: Meldingsaker

Framlegg til vedtak:

Fellesrådet tek meldingane til orientering



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Behandling i fellesrådet 19.10.2017

I møtet blei det orientert om desse sakene:

1. Tilstandsrapport for kyrkjebygget, ferdig rapport v/kyrkjeverje
Kyrkja er i god stand, men deler av sutak må vølast og eit par heller må leggast på plass.
Litt muggsopp under ei helle i kjellaren.
God elektrisk tilstand, men ein jordfeil i kjellaren må vølast.
Bør ha flombelysning på nokre timar også om sommaren for å unngå skader. Evt. vurdera å ha kortare periodar med flombelysning elles i året.
2. Kyrkjebyggkonferanse i Etne v/sokneprest
Det vert kyrkjebyggkonferanse i Etne. Påmelding dersom ein ynskjer å dra.
3. Fellesannonse for tilsetting av prest v/kyrkjeverje
Sjølv om det allereie er tilsett prest i Nysæter kyrkje så vert det felles utlysning for barne- og ungdomsprest/kyrkjelydsprest i Fitjar saman med utlysning av ny prostiprest i Sunnhordland.
Forslag til annonse vert sendt til medlemmene på høyring.
4. Kurs i babysong v/kyrkjeverje
Dei to som driv med babysong har fått innvilga støtte til reisepengar og overnatting for å delta på kurs i babysong.

Vedtak (samrøystes):

Som framlegg til vedtak.

F-Sak 31/17: Open post

Innsamling komite for faste gjevarar til kyrkjelydsprest v/ Sigrid M. Fangel

Innsamlingskomiteen meiner seg ferdig med sitt oppdrag og ber frivillighetsnemnda overta.

Fellesrådet takkar for det flotte arbeidet komiteen har gjort med å skaffa endå fleire faste gjevarar

Dei ber Sigrid om å overbringa takk til komitemedlemmane.

Signering:

Sekretær

Leiar